



Arkivnr: 2015/4729-12

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.11.2018

Ny tannklinikk på Nesttun - leigeavtale

Samandrag

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt i planperioden verte konsentrert om 5 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere i Fana bydel, og det vil vere ei samlokalisering av noverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

I Fana bydel er det framforhandla ein leigeavtale mellom Teigland Eiendom AS og Hordaland fylkeskommune om leige av lokale til ny tannklinikk på Nesttun i Nesttunveien 90. Bygget ligg like ved Nesttun terminal, som har bybane- og busstopp. Klinikken skal ha 14 behandlingsrom, og areal til vår eksklusive bruk og andel av fellesareal utgjer til saman 873 kvm BTA. Årleg leigesum er kr 1.380.800 eks. mva.

HFK vil sjølv bygge om areala til tannklinikk, og det er sett av midlar til dette i investeringsbudsjettet for 2019. Start av leigeforholdet er 01.01.2019, og tannklinikken vil stå klar i slutten av 2019. Leigetida er 20 år, med opsjon på 5 år. Lengda er den same som i leigeavtalane for andre nye tannklinikkar.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

Økonomi: Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk vil verte lagt ned når den nye tannklinikken på Nesttun er klar til bruk. Utgifter til leige vil auke monaleg, men gjennom meir effektiv drift ved å ha ein tannklinikk vil ein få redusert driftskostnadene.

Klima: Ikkje kjend.

Folkehelse: Ikkje kjend.

Regional planstrategi: Klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta bygger på «Regionalplan for attraktive senter i Hordaland, senterstruktur, tenester og handel», ved at det i alle regionsentra skal vere ein stor offentleg tannklinikk som gjev stabile tenester av høg kvalitet.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Teigland Eiendom AS og Hordaland fylkeskommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Leigeavtale
- 2 Flyfoto

Fylkesrådmannen, 26.10.2018

I klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for 2015-2030, som vart vedteken av fylkestinget 08.03.2016, vil tannhelsetilbodet i Sentrum tannhelsedistrikt i planperioden verte konsentrert om 5 store tannklinikkar. Ein av desse vil vere i Fana bydel, og det vil vere ei samlokalisering av noverande Nesttun tannklinikk og Fana tannklinikk.

I Fana bydel er det framforhandla ein leigeavtale mellom Teigland Eiendom AS og Hordaland fylkeskommune om leige av lokale til ny tannklinikk på Nesttun i 3. etasje i Nesttunveien 90. Bygget ligg like ved Nesttun terminal, som har bybane- og busstopp.

Klinikken skal ha 14 behandlingsrom, og areal til vår eksklusive bruk i 3. etasje vil vere 775 kvm BTA med tillegg av eit motorrom på ca. 10 kvm. Andel fellesareal er 88 kvm BTA, og til saman skal vi leige 873 kvm BTA.

Årleg leigesum er kr 1.380.800 eks. mva., dvs. i underkant av kr 1.600 pr kvm pr. år. I tillegg kjem andel av felleskostnader.

HFK vil sjølv bygge om areala til tannklinikk, og lokala vert levert som «rålokale» klargjort for HFK sine egne innreiingsarbeid. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 25 mill., og av desse er kr 1 mill. løyvd i 2018 og kr 24 mill. er lagt inn i investeringsbudsjettet for 2019.

Start av leigeforholdet er 01.01.2019. Leigetida er 20 år, med opsjon på 5 år. Lengda er den same som i leigeavtalane for andre nye tannklinikkar.

Tannklinikken i Nesttunveien 90 vil kunne stå klar i slutten av 2019, og noverande Nesttun tannklinikk i Østre Nesttunvegen 2 og Fana tannklinikk i Titlestadvegen 232 A vil verte lagt ned når den nye tannklinikken er ferdig.

Samla leigekostnad i 2018 for dei to tannklinikkanne som vert lagt ned er kr 726.961 eks. mva. Som nemnt over vil årleg leigesum for den nye tannklinikken vere kr 1.380.800 eks. mva. Men ved å redusere talet på tannklinikkar vil ein få effektivisert drifta, og dermed redusert driftskostnadene.

Dei noverande tannklinikkanne vart etablert i ei tid med helt andre krav til utforming av sjølve tannklinikken samt til bygget elles enn dei krava som gjeld i dag. Sidan tannhelsetenesta har ansvar for å gje eit tannhelsetilbod til eldre, uføre og langtidssjuka, er det av stor betydning å tilrettelegge alle offentlege tannklinikkar for universell utforming. Den nye klinikken på Nesttun vil såleis tilfredsstillе dei krava som er sett til universell utforming.

Tannklinikken på Nesttun vil ha ei svært god plassering med omsyn til kollektivtransport; dette gjeld både bybane og buss. Når det gjeld HC-parkeringsplassar, vil pasientane vere sikra ein god og lett tilgang til bygget sine parkeringsplassar til dette formålet.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale vert godkjent.

